

## Forslag frå friidrettsgruppa

Styret i friidrettsgruppa vil med dette gjera framlegg om at Per Inge Bale blir tildelt IL Jotun sitt æresteikn i sølv. Grunngeving:

Per Inge har i 10 år vore leiar i friidrettsgruppa i Jotun. Her har han gjort ein framifrå god jobb. Han er ryddig og strukturert, og lett å samarbeide med. Han har i fleire år vore trenar for eit aldersbestemt gutelag i fotball, og gjort ein god jobb. I tillegg har han vore ein viktig støttespelar for gjennomføring av fleire symjestein, mellom anna som speaker.